

Oljefondet er den nye oljen

KOMMENTAR: Hovudpoenget med ressursforvaltninga er å gjere økonomien uavhengig av oljen.

Klaus Mohn

Professor, Handelshøgskolen ved UIS og NHH



Tenk om du vann fem millionar kroner i Lotto. Kva ville du gjort med pengane? Noko av premien hadde du kanskje brukt på deg sjølv og dei nærmaste. Truleg hadde du unnt deg litt meir, av forbruk, fritid og ferie, til dømes. Kan hende du hadde gjeve bort delar av pengane, til barn og barnebarn, og kanskje litt til gode føremål. Men vesentlege delar av gevinsten hadde du truleg spart, gjennom nedbetaling av gjeld eller investeringar i eigedom og aksjefond.

Rikdommen gjer noko med oss

Den norske modellen for forvaltning av olje- og gassinntektene følgjer faktisk eit ganske så likt mønster. Når lønene i Noreg har auka meir enn i nabolanda, er dette eit uttrykk for at me har unnt oss litt ekstra som følgje av oljerikdommen. Dette ser ein og ved at norske politikarar er meir romhendte enn dei ville vore utan oljeinntekter, både med oss sjølv og andre.

Tendensen er i tillegg at samla arbeidsinnsats er mindre i Noreg enn elles i Europa, noko ein neppe kunne teke seg råd til utan oljeinntekter. Vidare har me kosta på oss den største og mest kostbare offentlege sektoren i Norden, der massive ressursar går med til langtekkelege prosessar og reformer med ei nytte som knappast står i stil med kostnadane. Om du tviler, tenk på striden rundt pensjonsreform. For ikkje å snakke om kommunereforma.

Men trass i alt har inntektene frå oljeverksemda vore så enorme, at utgiftene likevel ikkje har strokke til. Høge løner og romhendte politikarar har ikkje vore

nok til å hindre at ei enorm formue har hopa seg opp på staten si hand.

Ved å skilje inntektene frå oljeverksemda frå bruken av dei same inntektene har ein lykkast i å sette bort vesentlege delar av ressursrikdommen på Oljefondet. Eller Statens Pensjonsfond Utland (SPU), som er det offisielle namnet. Fondet har blitt større enn nokon kunne tru. Med ein marknadsverdi i dag på 8000 milliardar kroner, har kvar og ein av oss 1,5 millionar kroner i innskot på SPU.

At ein ikkje har skusla bort alle oljeinntektene, men lykkast i å sette vesentlege delar til side på eit fond er noko som skil Noreg frå andre ressursrike land. Dette er resultatet av framsynt forvaltning og fornuftig politikk. Likevel er det ikkje til å kome unna at ressursrikdommen aller mest er eit resultat av flaks.

Gud spelar terning

Uansett kva Einstein måtte ha sagt: I fordelinga av olja og gassen i verda har Gud i sanning spelt med terning. Når Noreg er rikt på naturressursar, så er det fordi me har trilla seksar gong etter gong. Først var det tømmer og fisk, så var det vasskraft, og til slutt kom oppdaginga av olja og gassen.

Ved utvinning av olje har den ekstraordinære avkastninga vore spesielt stor. Grunnleggande sett skyldast dette at olje er ein knapp ressurs som ikkje kan fornyast.

Difor medfører retten til utvinning ofte superprofitt. Utvinning medfører hausting av grunnrente, som samfunnsøkonomar gjerne kallar det.

Det er ingen grunn til at denne ekstraordinære innteninga skal gå til oljeselskapa. Dei skal være nøgd med ei avkastning som står i stil med risikoen dei tek på seg, med andre ord normalavkastning. Difor er målet med skattesystemet og staten sitt engasjement i oljeverksemda å sikre at grunnrenta, dvs alle dei ekstraordinære verdiane, blir sikra for fellesskapen.

Utvinning av olje og naturgass representerer ei omforming av ressursformue til finansformue. Aktiviteten har to former for avkastning. Normalavkastninga er å rekne som verdiskaping. Men tillegg på toppen av normal avkastning er

ikkje verdiskaping, men må snarare reknast som flytting av formue, frå bakken til banken, så å seie.

Oljefondet er i realiteten ikkje anna enn ei opphoping av grunnrente. Dermed ser ein og at desse verdiane meir er eit resultat av terningkast enn av prestasjonar. Oljefondet er vår Lottogevinst.

God politikk sikrar verdiane

Så snart oljeinntektene har funnet vegen til Statens Pensjonsfond Utland, så er dei å rekne nett som andre pengar. 'Bruk av oljepengar' er difor misvisande for politikarane sine årlege uttak frå Statens Pensjonsfond Utland.

Omgrepet etterlet inntrykk av at politikarane brukar oljeinntektene på løypande basis. Men slik er det ikkje. Kjernen i den norske modellen for ressursforvaltning er nemleg å skilje skarpt mellom inntektene frå olje- og gassverksemda på den eine sida, og bruken av dei same inntektene på den andre sida.

Det politikarane brukar over statsbudsjettet kvart år er soleis ikkje oljeinntekter, men avkastning frå Statens Pensjonsfond Utland. Det er som om du sette lottogevinsten i banken, og avgrensa bruken til dei årlege renteinntektene. I så fall kunne gevinsten vare livet ut, og deretter overlatast intakt til etterkomarane dine.

Nettopp dette er hovudideen bak den norske modellen for ressursforvaltning. Oljefondsmechanismen sikrar at ekstraordinære ressursverdiar blir omsett til finansformue for fellesskapen. Handlingsregelen for finanspolitikken avgrensar bruken av finansformuen til avkastninga, og syter for at ein i dag kan bruke 240 milliardar kroner ekstra over statsbudsjettet kvart år, heilt utan omsyn til skattefinansiering.

Politikken sikrar dermed at inntektene frå ressursrikdommen blir lausrivne frå sjølve petroleumsverksemda, slik at kjøpekraft og velferd frå den ressursbaserte rikdommen kan haldast ved lag sjølv når olje- og gassfeltene er uttømte og oljeeventyret på norsk sokkel er bak oss.

Med andre ord: Oljefondet er den nye oljen.

@Mohnitor

Det er som om du sette lottogevinsten i banken, og avgrensa bruken til dei årlege renteinntektene.

Bunaden

DRØSET: Vanlegvis var det eit problem når dama hadde lik kjole som ei anna på festen.

Akkurat når det gjaldt kvinner, var det jo så mangt han ikkje skjønnte seg på. På dette området var graden hans av manglande innsikt asiatiske i velde.

Ta dette med bunad. Gjennom barndom, oppvekst, fleire sambuarskap og diverse kontakt med kvinner gjennom eit stadig lengre liv, hadde han med eigne auge sett den wagnerske symfonien av kjensler dette plagget kunne frambringe. Når ein først var ute i gatene, barnetoget marsjerte forbi, og alle stod der og prøvde å oppleva ungane sine passera gjennom mobiltelefonen, var det bare smil og entusiasme og endelause diskusjonar om Hardanger, Rogaland, søm og stakk.

Men alle menn som har vore nær ei kvinne som skal prøva å få på seg ein bunad, kjenner framfor alt til Raseriet. Fortvilninga. Stresset. Resignasjonen. Tårene.

Sjølv brukte han mellom to og tre minuttar på kle på seg dressen 17. mai, inkludert knytning av slips. Lenger tid enn dette tykte han eigentleg det var rart å bruka på påkledning.

Bunadsbalubaet starta fleire dagar i forkant. Då skulle alt utstyret finnast fram, målast, vegast og vurderast. Skjorta var alltid ei skrukke. For å prøva å unngå å bli skild, hadde han meldt seg frivillig til å stryka bunadsskjorta hennar. Skulle ho gjera det, hadde dei trengt både psykolog og familierådgeving etterpå.

På sjølve dagen, som måtte starta langt tidlegare enn den grytidlege starten ein vanleg arbeidsdag, skulle marakkelset på. Ein bunad er ikkje noko du kan få på deg aleine. Som mann må du stilla opp, stikka tjukke nåler gjennom hardt stoff, finna usynlege hemper og feste. Men framfor alt må du halda kjeft, halda ut, tåla alt.

Så er det på med ukomfortable sko, noko kvinner elsker. Utanfor møter dei tusenvis av kvinner i lik kjole. Vanlegvis er det eit problem når andre har lik din kjole på festen, men ikkje på 17. mai. Då er det bra.

For då kan alle vera einige om at det aller beste med 17. mai er når du kan ta bunaden av.



Rett før 17. mai la finansminister Siv Jensen fram forslag til revidert nasjonalbudsjett.

TORE MEEK/NTB SCANPIX

